



Saksframlegg

Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen - høyring

Saknr. utval	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
	Vedlegg 1 - Reiseliv og besøkande i og rundt Reinheimen - som grunnlag for vidare arbeid med besøksforvaltning.	174922
	Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen	174921
	Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen - høyring	174919
	Besøksstrategi for verneområda - fråsegn ved høyring	177524

Ikkje utsendte saksdokument:

Rådmannen si innstilling:

Norddal kommune viser til besøksstrategien for Reinheimen og dei merknadene som kjem fram under saksopplysningar. Det er mykje bra som kjem fram i dokumentet, men det vil bli ei utfordring å finne god balanse mellom verneinteressene og bruken av området til ulike føremål.

Besøksstrategien bør vere eit levande dokument som bør rullerast med jamne mellomrom. Det er viktig at berørte grunneigarar og fagmiljø deltek aktivt i denne prosessen.

Saksgrunnlag:

Reinheimen omfattar Reinheimen nasjonalpark, fem landskapsvernområde og eit naturreservat.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har den 02.05.2019 sendt ut forslag til besøksstrategi for verneområda i Reinheimen på høyring med frist 28.06.2019. Etter å ha vore i kontakt med nasjonalparkforvaltaren, er det avtalt at kommunen si handsaming vil skje etter ferien.

Nasjonalparkstyret skal ha møte i haust. På dette møtet skal besøksstrategien handsamast.

Besøksstrategien er fagleg godkjent av Miljødirektoratet. I denne høyringsrunden ønsker nasjonalparkstyret innspel frå aktuelle aktørar i og rundt verneområdet. Etter høyringsfristen vil innspela bli handsama. Det er også planlagt ei samling for fagleg rådgevinge utval og administrativt kontaktutval for Reinheimen i haust. Dette vil skje i forkant av nasjonalparkstyret si endelege handsaming av saka.

Saksopplysningar:

Nasjonalparkstyret ønsker spesielt innspel på strategiar, innfallsportar og tiltak i besøksstrategien. Fylkeskommunen v/ planavdelinga har kome med merknader til besøksstrategien. Denne uttalen er lagt ved saka og fylkeskommunen ber om at merknadene vert vurderte før endeleg vedtak i saka.

Innleiingsvis er det viktig å nemne at besøksstrategien må vere i stand til å møte framtida si turisme der turisten ønsker å oppleve naturen på nært hald. Samstundes skal ein ivareta verneinteressene. Her kan det lett bli interessekonflikter. Oppleving av naturen berre frå bilvinduet eller frå eit utkikkspunkt vil nok dei fleste oppleve som tilfredsstillande. Det vil også vere spesielt interesserte som ønsker å kome lenger inn i verneområda med t.d. ein lokal guide. Kan vi få til noko her, vil Reinheimen og tilgrensande bygder bli endå meir attraktive som reisemål både for turistar og lokale næringsdrivande. Ein må kunne opne Reinheimen for vern gjennom avgrensa bruk så lenge ein tek omsyn til villreinen sine behov for leveområde. Dette spørsmålet må ein sjå nærare på.

Når det gjeld sanitærtilhøve for viktige innfallsportar, må det gjerast tiltak. Bygging av enkle toalett er heilt nødvendig. Eit godt døme er toalettet på Nysætra, medan Slettvikane manglar slike tilbod, og ein må vere varsam kor ein set ned føtene i dette området.

Besøksstrategien har utforma fleire delmål, men hovedmålet er å sikre og ivareta verneverdiane. I forslaget til besøksstrategi har ein lagt opp til at «Reinheimen er attraksjon – verdiskaping skjer utanfor». Dette signaliserer at vernet skal handhevast ganske strengt ved at vernet skal redusere trafikken innanfor verneområdet og at trafikken skal kanalisert til nokre få innfallsportar. No er det slik at villreinen er lokalisert til visse område, og her må ein ha sterk regulering. I andre område er det svært sjeldan eller ikkje villrein som beiter. Her bør ein ha eit anna regime når det gjeld ferdsl.

I Norddal kommune er Slettvikane og Valldal sentrum merka av som innfallsport. Andre viktige innfallsportar i kommunen er Zakariasdammen og Muldalsvika. Innfallsporten ved Zakariasdammen er svært mykje nytta for å kome seg inn i Tafjordfjella og turisthyttene til Ålesund og Sunnmøre turistforening. Dette er kommunen sin største og viktigaste innfallsport. Innfallsporten ved Muldalsvika er mindre nytta, og mange går berre vegen opp til Muldalen for ein kortare trimtur. Desse innfallsportane bør innarbeidast i planen.

Når det gjeld Slettvikane, føreligg her planar om meir tilrettelegging for bilturistar. Dette er eit mykje nytta utkikkspunkt med godt utsyn mot Reinheimen. Slik stoda er no på Slettvikane med manglande tilrettelegging når det gjeld sanitæranlegg og mykje villcamping, må det gjerast snarlege tiltak. Anten må området stengast av eller det må gjerast nødvendige tilretteleggingstiltak. Planar for området er utarbeidd, men økonomien til gjennomføring av tiltak er ikkje sikra. Kanskje løysinga kan bli finansiering gjennom ei ny ordning med fellesgodefinansiering for nasjonal turistveg.

Etablering av ein nasjonalpark vil utløyse aktivitetar som kan føre til lokal verdiskaping ut over den verdiskapinga som normalt ligg i området. Folk vil sjå og oppleve nasjonalparken og dette auker tilstrauminga av turistar. Turistane i området treng både mat og overnatting i tillegg til meiningsfulle aktivitetar. Her er det berre fantasien som set grenser. Eit anna moment er at stadig fleire vil ha spesielle opplevingar ved å kome inn i eit urørt og fredleg naturområde. Her ligg det store utfordringar for dei som skal ha forvaltningsansvaret. Korleids skal dette hanterast ?

Tiltaksplanen tek opp mange viktige moment. Gjennomføring av tiltak krev ulik kompetanse, og det er viktig at rett kompetanse vert nytta. Gjennomføring av tiltak må vidare avklarast med grunneigarane da det er viktig å ha desse med på laget når noko skal gjennomførast. Informasjonen mellom nasjonalparkstyret, kommunen, fylkeskommunale organ og grunneigarar må vere god, og møter/kontakt mellom desse er avgjerande for gjennomføring av nødvendige tiltak.

Saksvurdering og konklusjon:

Merknadene under saksopplysningar er meint som eit innspel til den vidare prosessen med å få etablert ein besøksstrategi for Reinheimen. Besøksstrategien bør ikkje bli eit endeleg dokument som har alle svar på utfordringane, men eit bidrag til å ta godt vare på verneinteressene for dei som i framtida skal ferdast i området. Besøksstrategien bør rullerast med jamne mellom slik at den vert mest mogleg tidsriktig.

Karl André Birkhol
rådmann